



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

ÅRSRAPPORT BALESTRAND SOKN 2020 og 2021



1 Innleiing

Korona:

Utbrotet av Korona-pandemien sette sterke avgrensingar for ordinære gudstenester i 2020 og 2021. Etter skiftande retningslinjer frå regjeringa vart gudstenestene avgrensa og i periodar var der ikkje gudsteneste. Dette har vore ei utfordring for all kyrkjeleg aktivitet. Også arbeid med og framlegging av årsmeldinga vart utsett grunna strenge smittevernreglar. Dette er grunnen til at denne årsmeldinga gjeld både for 2020 og 2021.

Ny organisatoriske struktur og endra oppgåver for soknerådet:

2020 var første året for ny kommunestruktur og følgjeleg ny kyrkjeleg struktur. Fellesrådsdelen – den administrative, økonomiske og personalmessige del - som før låg til Balestrand sokneråd, vart overført til Sogndal og soknerådet varetek dermed oppgåvene for soknerådet slik det er definert i den tidlegare kyrkjelova §9 (fritt oversett til nynorsk):

Soknerådet skal ha si merksemd retta mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikeleg forkynt, sjuke og døydne bli gjevne ordet, døypte gjevne dåpsopplæring, barn og unge kan bli samla om gode føremål og at det vert gjeve hjelp for lekamleg og åndelege behov.

I samband med endra kommunegrenser oppstod det ein situasjon der Sæle kyrkje framleis var lokalisert i Sogndal kommune medan innbyggjarane frå Tusvik og utover soknar til Høyanger kyrkje. Innbyggjarane gav uttrykk for ynskje om framleis å ha Sæle kyrkje som si kyrkje. Dette er løyst ved at Høyanger fellesråd refunderer kostnader ved gravferd og anna bruk av kyrkja utover vanlege gudstenester. Balestrand sokn opprettheld bruken av kyrkja med om lag ei gudsteneste kvar månad

Lovgrunnlag og struktur for kyrkja og soknet:

Kyrkjelova vart avløyst av trussamfunnslova frå 01.01.2021. Den omhandlar kyrkja sitt forhold til staten og seier ikkje noko om organisering internt i kyrkja. Dette er kyrkja sitt eige ansvar og det pågår ein prosess som venteleg vil ta tid før avklaring.

2 Soknerådet

Samansetjing etter valet hausten 2019:

Namn	Verv
Geir Sørebo	Geistleg repr
Kari Kvikne	leiar
	Vararepresentant til fellesrådet (valt for 4 år i 2019)
Anne Karin Solheim Sjøthun	Nestleiar
Ole Eilifsen	Representant i informasjonsutval (e.l.)
Helge Ottar Ulvestad	Sekretær
	Representant til fellesrådet (valt for 4 år i 2019)
Jenny Kristin Menes	Representant i trusopplæringsutvalet
	Representant i komité for kyrkjelydstur
Berit Støle	Medlem
Per Tusvik	Representant i diakoniutvalet
Laila Vang	Kirkens Nødhjelp-kontakt

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet hadde i 2020 8 møte og handsama 60 saker, og i 2021 var det same tal møte og det vart handsama 67 saker.

Følgjande liste syner dei mest sentrale saker handsama i soknerådet desse to åra:

2020:

- Organisering og struktur, mål og oppgåver og formalisering i samband med nytt sokneråd der fellesrådsdelen ikkje er med og vi ikkje lenger har kyrkjevevje som saksførebuvar, oppfølgjar og skrivar.
- Arbeid med mål og verdidokument for soknerådet – seinare kalla *grunnleggjande retningslinjer*.
- Søknad om midlar til og organisering av arbeide med lys på parkeringsplass og inn til kyrkja. Sture Husabø legat løyvde kr 36000 som dekkja kostnadane med tiltaket som i stor grad vart gjort på dugnad.
- Samarbeid med Vestland teater om framsyning av teaterstykket Maria III.
- Organisering av frivillegrupper i soknet. Felles arbeids- og inspirasjonsmøte på Kvikne med tilsette og alle frivillige. Organisering og oppfølging av tiltak etter møtet.
- Godkjenning av rekneskapen 2019 med fordeling av midlar mellom nytt fellesråd og soknerådet.
- Fleire vedtak kring kyrkjelydsweekend som kvar gong har blitt utsett grunna Korona.
- Handtering av gudstenesteplan og endringar i gudstenesteopplegget som fylgje av Korona.
- Kveldsbøn i St Olafs kyrkja i Balestrand – eit samarbeid med 'Vener av St. Olafs kyrkje'.
- Tid for tru i samarbeid med Bedehuset.
- Formalisering av soknet sin eigarskap til tomta til Tjugum kyrkje og dei eldste gravfelta rundt kyrkja. Som ein kuriositet kan nemnast at etter vedtak frå 30 06 1857 var TJUGUMS SOGNS GÅRDBRUKERE eigarar av kyrkja og kyrkjegarden. Med heimel i tidlegare Kyrkjelova, er kyrkjene soknet sin eigedom, noko som òg er rydda opp i med denne saka.

2021:

- Digitale løysingar som alternativ til gudstenester som vart avgrensa og tidvis avlyste som fylgje av Covid19-pandemien.
- Etablering av 'påskevandringa Via Dolorosa' på kyrkjegarden med bibeltektar og bibelske maleri. Dette som initiativ som fylgje av avgrensingar i gudstenestene og som ein tenker å vidareføre ogso etter pandemien.
- Organisering av gudsteneste på Holmevasshytta på Gaularfjellet. Dette i bakgrunn i samarbeidsavtale mellom Balestrand og Gaular sokneråd KFUK KFUM Sogn og fjordane som er eigar av hytta.
- Gjennomgang av trusopplæringsarbeidet med trusopplærar Magni Åm Risa.
- Planlagt og gjennomført Julekonsert – i avgrensa form av smittevernomsyn.
- Vedteke retningsliner for Kvamsøy kyrkje gåvefond.
- Gitt høyringsuttale for ny organisering av Den Norske Kyrkja.

3 Det gudstenestlege og forkynnande arbeidet

Målsetjing: "Å dele den gode skatten"

Soknerådet sin visjon er inspirert av 2.Tim 1,14 «*Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg, ved Den heilage ande som bur i oss!*» I verksemdsplanen er visjonen konkretisert i desse hovudpunkta:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og til teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utruste til sitt diakonale ansvar i nærmiljøet
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det er innført fast rytme med gudsteneste i Tjugum kyrkje kvar 14 dag og i Sæle kyrkje ein gong i månaden. Dette for å ivareta samarbeid med bedehusstyret som såleis kan planleggje møta slik at det ikkje vert kollisjonar. Vi er takksame for det gode samarbeidet med bedehuset.

Korona-pandemien har prega gudstenestelivet i 2020 og 2021. Mellom 12. mars og 21. mai 2020 var det ingen gudstenester i kyrkjene våre. Etter den tid har det vore avgrensingar på tal frammøtte og til dels strenge smitteverntiltak. Takoffer på Vipps. I ein periode var det ikkje salmesong. Påmelding og registrering av frammøtte, avstand mellom kohortar og tilviste plassar, munnbind og nøyte planlagd utdeling av nattverd. Det har ikkje vore barnesamlingar eller kyrkjekaffi. . Mange frivillige har bidrege for å gjennomføre naudsynte smitteverntiltak. Vi har organisert avstand mellom deltakarar, teljing og registrering av alle frammøtte, vasking av benkar, spriting av hender, ekstra nattverdutdelar, osb. Nattverd vart delt ut i midtgangen med god avstand. For å avgrense tal frammøtte, er det halde eigne dåpsgudstenester.

Mange frivillige har bidrege for å gjennomføre naudsynte smitteverntiltak. Vi har organisert avstand mellom deltakarar, teljing og registrering av alle frammøtte, vasking av benkar, spriting av hender, ekstra nattverdutdelar, osb. Hjarteleg takk til alle som har gjort ein ekstra innsats i denne tida!

Vandringar

I påska 2020 og 2021 vart det sett opp ei vandreløype med 14 stasjonar på Tjugum kyrkjegard og Sæle kyrkjegard. Det var bibelord og bilete om Jesu oppstode. I fastetida 2021 var det ei tilsvarande vandreløype om Jesu veg mot krossen og i adventstida 2021 laga vi dessutan ei løype med fire plakatar om Jesu fødsel som òg vart sett på i St Olafs kyrkja.

Plakatane til desse vandringane er laga av kunstnaren Magne Kristiansen samarbeide med Kjetil Netland. Balestrand sokneråd har stått som utgjevar, og det er desse to åra selt 121 seriar totalt.

KVELDSBØN i St Olafs kyrkje:

Grunna Korona pandemien var det ikkje engelske prestar i St Olaf kyrkja sommaren 2020 og fyrste delen av summerane 2021. Vi organiserte difor kveldsbøn på norsk tre kveldar i veka, tysdag, torsdag og sundag. Dette fekk vi til ved hjelp av mange frivillige. Kvar kveld var det ein leiar, ein lesar og ein kyrkjevert. Sommaren 2020 las vi eit kapittel frå Lukasevangeliet kvar kveld og sommaren 2021 las vi frå Markusevangeliet.

Involvering

For å skape eigarskap og engasjement ser Balestrand sokneråd det som viktig å involvere kyrkjelyden i gudstenesta. Det vert laga plan med fordeling av oppgåver som klokkar, forsongarar, kyrkjevert, ansvar for barnesamlingar og ansvar for kyrkjekaffi. Konfirmantane har eit visst tal med gudstenester i året der dei hjelper kyrkjeverten og har oppgåver i samband med skriftlesing.

Kyrkjekaffi

Soknerådet har dei siste åra lagt opp til ein enkel kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Dette fremmer det sosiale livet i kyrkjelyden og har eit diakonalt aspekt. Kyrkjekaffien er enkel og vert organisert i eit samarbeid mellom kyrkjetenar og friviljuge. Grunna Korona har det ikkje vore kyrkjekaffi etter 12. mars 2020.

Barnesamlingar

Etter 12. mars 2020 har det ikkje vore barnesamlingar. Men vi har hatt bøker og teiknesaker tilgjengeleg inne i kyrkja.

Misjonsavtale med NMS med prosjekt i Mali

Frå hausten 2017 har Balestrand kyrkjelyd hatt misjonsavtale i Mali via Det Norske Misjonsselskap (NMS) To hovudstikkord for NMS sitt arbeid i Mali er å gjere Jesus kjent blant Fulanifolket og å kjempe mot omskjering av kvinner.

Misjonsavtale inneber at ein ber for prosjektet i gudstenester og at det vert formidla informasjon til kyrkjelyden. I tillegg er prosjektet tildelt 4 offer, det er høve å gje direkte gåver og salet av plakatar for vandreløyper (jf. over) gav eit overskot på om lag 50 000,- som soknerådet gjorde vedtak om å gje til misjonsprosjektet.

Vi hadde planlagt eit misjonsseminar i Balestrand helga 7. – 8. november med Malimisjonær Frode Sætre. Dette vart avlyst grunna Korona, men det vart gjennomført misjonsgudsteneste i Tjugum kyrkje 8. november.

Innsamla til misjonsprosjektet dei siste åra

År	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Totalsum (kr)	13.769	16.106	12.275*	16.273	11.908	11.062	10.925	12.459	10.696	12.353
Tal offer	4	4	4	4	5	4	5	4	4	4

** 2019: Det var i tillegg til kyrkjeoffer på kr 12.275 i 2019 gjeve kr 5000 via gjevarteneste direkte til NMS, men knytt til misjonsavtalen mellom Balestrand og NMS i Mali. Har ikkje oversyn over dette i 2020 og 2021.*

4 Anna forkynnande arbeid i kyrkjelyden

TID FOR TRU - Undervisning for vaksne

I samarbeid med Bedehuset Betel var det fem kveldar med bibelundervisning i serien TID FOR TRU hausten 2020 med tema Openberringsboka.

Samlingane har hatt eit sosialt aspekt med felles kveldsmat i starten. Deretter var det undervisning og ved Gunn Berit Bøthun og Kjetil Netland med påfølgande samtale.

Praktisk komité var: Johanna og Erland Fagermoen, Anne Buene, Kari Kvikne og Anne Karin Solheim Sjøthun. Det var totalt 30 påmelde, med litt ulikt frammøte frå gong til gong.

Nattverdsamlingar, Andaktar og besøksteneste på Helsetunet

Sokneprest Kjetil Netland hadde andaktane fram til mai. Grunna soknepresten sitt sjukefråvær fekk Kjersti Brudvik ansvar for å lage plan for samlingane, og å spørje friviljuge til å gå inn i tenesta. Jan Herland og Lin Åm og Kjersti Brudvik har så delt på andaktane. Grunna liten oppslutnad blei det bestemt å besøke brukarane på 3 småstover og på omsorgsbustadane med song og samtalar som fungerte betre.

Mange samlingar måtte avlysast grunna Korona og anna sjukdom. Det har ikkje vore nattverd på samlingane. Song når inn til mange ulike grupper. Det er behov for musikk til songane. Då kunne ein nådd fleire.

Kjell Sæter hadde julegudsteneste på julaften med 21 deltakarar. Runar Netland var organist.

Trusopplæring

Trusopplæringa i Balestrand 2021

Trass pandemi og til tider strenge restriksjonar har kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid stort sett gått som normalt og det er gjennomført trusopplæringstiltak for alle alderstrinn. Berre 10 av 343 timar har gått bort på grunn av avlysingar eller manglande oppmøte. Vi har dessutan, som ein av få kyrkjelydar i landet, fått til både sommargudstenester og adventssamlingar takka vere eit godt samarbeid med skulane Sagatun og Fjordtun.

Etter 1,5 års pause starta vi på oppfordring oppatt Babysong hausten 2021. Dette er eit samarbeid med helsestasjonen og eit flott høve til å knyte kontakt med foreldre og born. Det har likevel vore svært lågt oppmøte (0-2 born per samling).

Etter oppmoding frå Fellesrådet og Soknerådet har vi dei seinare åra satsa særskilt på mellomtrinnet og ungdomsskulen. Nestenåring, Fredagsklubben for mellomtrinnet, har stort oppmøte med om lag 20 born per samling. 10-åringane får personleg invitasjon og får utdelt Teikneseriebibelen ved første samling om hausten. På våren er det Minikonfirmasjon med eigne samlingar og utdeling av Biblar til 11-åringane.

Elles arrangerer vi samtalegruppe for ungdomsskulen annakvar veke. Dette er kombinert trusopplæring og diakonalt arbeid. I juni arrangerte vi Sommartreff, ein sommarleir i Balestrand for ungdomsskuleelevar, i samarbeid med NLM sentralt og Sygna. Dette var ein stor suksess som vi gjentek i år. Hausten 2021 starta Bedehuset (i samarbeid med kyrkja og Sygna) opp Ungdomssamlingar for 8.kl-3.vgs med obligatorisk oppmøte for konfirmantane. Til no har det vore rundt 70 ungdommar på samlingane.

Andre grupper som har særleg fokus er 4- og 6-åringane som har eigne samlingar og får utdelt bok i gudstenesta. Vi har ikkje eige opplegg for 3, 5, 7 og 12-åringane, men desse får invitasjon til T-dag anten med Spiren eller Addis. 8-9 åringane vert invitert til Tårnagentdag og -gudsteneste annakvart år.

Balestrand er ei bygd med mange nasjonalitetar og varierende tilknytning til kyrkja. Vi inviterer breitt til samlingane og opplever ofte at born frå andre kyrkjesamfunn deltek. I 2021 var oppmøtetalet såleis over 100% på halvparten av tiltaka og totalt landa vi på ein snittprosenten på 123 (samanlikna med 95% i 2020 og 73% i 2019).

Kyrkjelydsweekend

Det var hausten 2020 planlagt kyrkjelydsweekend, lagt til Lyngmo med tema kring tru og familie. Av smittevernomsyn er helgeturen utsett fleire gonger. Målet er å få til weekenden på nyåret 2023.

Fasteaksjonen

Denne var avlyst i 2020 og i 2021 erstatta med digital innsamling som gav redusert inntekt.

5 Frivillig-grupper

Trusopplæringsutval

Medlemmer: Jenny Menes, Ruth Solveig Netland, Helga Ese Haugen, Berit Støle

Utvalet er ei støtte til trusopplærar både med planlegging og hjelp ved gjennomføring av nokre av samlingane.

Diakoniutval (DU):

Diakoniutvalet har hatt 2 møte i 2021 og har handsama 11 saker. Medlemer har vore: Tore Brudvik, leiar, Margot Ryssdal, Lin Åm, Ingun V Ulvestad, Kirsten Marie Aalhus, Jan Herland og Per Tusvik. Laila Vang er medansvarleg for organisering av fasteaksjonen.

2020 og -21 har vore prega av Korona og mindre aktivitet. Det vart sett opp ei beredskapsliste med telefonnummer som folk kunne ringa til i denne vanskelege tida.

Tiltak som diakoniutvalet har arbeidd med:

Fellesmiddag for heimebuande på fellesstova på omsorgsbustadane:

Samarbeidstiltak med Pensjonistlaget og Raudekrossen. Grunna Korona har tiltaket lege nede i ein periode og sidan vore drive med noko redusert deltakartal frå 25 til 12. Det har vore organisert transport for nokre av deltakarane og maten vart henta frå Helsetunet sitt kjøkken medan kaffi vart laga på stova. To og to friviljuge har delteke kvar gong, in har hatt litt program med opplesing av muntre historier og song med trekkspelmusikk. Målet er å minske einsemd og skape positive og humørfylte samlingar der gjestene kan møte andre. Tiltaket har vore populært. Dersom ein hadde hatt større lokale, kunne ein invitert fleire.

Brosjyre om arbeidet:

DU har sidan 2020 laga ei brosjyre om diakoniarbeidet i soknet. Denne vart ferdig i 2021 og er spreidd til ulike grupper, kontor og organisasjonar. Brosjyren viser DU sine prioriteringar i arbeidet: Besøksteneste, samlingar på Helsetunet med prest/diakon og frivillige.

Andre tiltak:

- Kjersti Brudvik har vore tilsett i 20 % stilling som vikar for prest med bl.a. ansvar for Helsetunet.
- Samtalegruppe for pårørande til demensråka. Her er ei ressursgruppe i gang med planlegging av informasjonsmøte.
- Samtaletilbod for eldre i samband med Koronaepidemien.
- Sorgarbeid: minnegudsteneste på helgemessesøndag som del av sorgarbeid der pårørande var særskilt invitert. Blomsterutdeling til pårørande etter dødsfall.

- Internasjonal diakoni: Den årlege fasteaksjonen var avgrensa grunna Korona. Dør til dør Aksjonen var avlyst, men digital innsamling gav totalt kr. 9496 til Kirkens Nødhjelp.

Arbeidet vidare:

Brosjyren om diakoniarbeide (jf. over) vil vera førande for det diakonale arbeidet framover. Vidare ser vi at flyktnings situasjonen i Ukraina og Norge kjem tettare på oss etterkvart. Det er naturleg å vurdere kva ein kan bidra med her. DU har sagt seg villige til å støtte opp om samarbeidstiltak på bedehuset som er under planlegging. Ein må òg vurdere korleis kyrkja ev.. kan vere open slik at den kan vera eit hus for dei som kjem med sorg og traume til oss.

Informasjonsutval

Medlem av gruppa er: Kari Kvikne, Ole Eilifsen, Jostein Risa, Helge Eilifsen og Marit Haram Vannes

Grunna Korona har det vore lite aktivitet på våren i regi av kyrkja og difor har det vore mindre å gjere for gruppa. I periodar har ein likevel nytta Facebook med informasjon og forkynnande verksemd. Dette i sær i samband med begge påskehøgtidene. Etter gjenopning hausten 2021 vart annonsering på plakatar og på Facebook starta opp att.

Me har Facebook-side, me har distribuert plakatar og det har vorte levert artiklar til kyrkjelydsbladet.

Heimesida, Sogndal.kyrkja.no/balestrand er for det meste brukt til fast informasjon om gudstenestene og andre aktuelle aktivitetar. Oppdatert gudstenestekalender finns for aktørane i soknet. Jostein Risa oppdaterer kalenderen. Informasjon om påmelding ved smittevernrestriksjonar for gudstenester ligg her.

Dugnads- og vedlikehaldsutval

Dugnadsarbeidet på kyrkjene og gravplassane omfattar enklare tilsyn og stell av bygningar og kyrkjegardane. Arbeidet skjer i godt samarbeid med Lidal utleigeservice AS ved Kurt Ove Lidal som har ansvar for tilsynet med gravplassane på Tjugum og Sæle med plenslått, graving og dagleg tilsyn.

Dugnadsnemnda som består av Anne Karin Solheim Sjøthun, Rune Andersen, Kjetil Netland og Helge Ulvestad, har hatt synfaringar på Sæle og Tjugum kyrkje saman med Kurt Ove Lidal.

Ein har særskilde 'arbeidsgjengar ved dei ulike kyrkjene. På Tjugum: Hans Dale, Harald Tjugum, Eirik Tjugum, Anders Mæland, Lars Hallvard Ese, Kurt Ove Lidal. På Sæle: Reidar Sæle, Jon Asbjørn Målsnes, Ragnar Haaland. På Kvamsøy: Rune Andersen, Arne Thue, Oddvin Kvamme, Anne Britt Balevik, Magni Jensen.

I 2020 og 2021 hadde ein dugnad på Sæle og Tjugum. Grunna Korona pandemien, vart ikkje foreldre av konfirmantar invitert, dugnaden var open, men meir avgrensa i omfang.

Det meste av dugnadsarbeidet vart gjort på Tjugum ettersom kyrkjegarden her krev mest vårrydding grunna mykje lauvfall. Dugnadsarbeidet er delt i 'stordugnad' med 'vårønn' på kyrkjegarden og mindre dugnadsgrupper for særskilde oppgåver.

Arbeid som er gjort i 2020/2021:

Tjugum:

- Skifta masse på oppkøyringa til rullestolrampe og lagt ny mur.
- Førebuande arbeid med lys langs vegen inn mot kyrkja. Greve grøfter for kabel og festepunkt for lysstolpar.
- Skifta lys på muren langs parkeringsplass og gjort klart for elektrikkararbeid.

- Stordugnad med vanleg dugnadsarbeid; skjering/klipping av tre og buskar og lauvraking. I tillegg vart 2 av dørene på bårhuset pussa opp og lakka, gamle benker køyrt til 'fjernlager' på loftet av prestegardsnaustet.

Sæle:

- Vaska tak uthus, våronn med lauvraking m.m.

Vurderingar av vidare arbeid:

Dugnadsarbeidet vert vurdert til å dekke eit viktig behov og bør difor halde fram i same spor. Konfirmantane med foreldre og andre frivillige er med på 'stordugnaden', noko som er svært positivt – mykje arbeid vert gjort og ein har fint fellesskap. Stordugnaden startar med betasuppe, spona av Kviknes hotel, eit positivt tiltak.

Tilbod frå blomsterforretninga om sal av blomar under dugnaden har vore lite brukt og blir avvikla.

Kyrkjestovenemnda

Medlemer/møte: Ingrid Menes, Malene Mundal (sekretær) og Helge Eilifsen (leiar). I 2021 hadde nemnda 4 møte.

Målsetting: Nemnda er oppteken av å medverka til gode rutinar ved bruk av kyrkjestova og å syta for at vedlikehald og oppjusteringar av bygget blir ordna. Av det me har arbeidd med kan nemnast:

Det er gjort arbeid med reingjering og tilsyn, skifta filter på ventilasjonsanlegg og varmpumpe, montert hyller på lageret, gjort takrennene reine.

Vasstrykket høgt og avhjelpande tiltak må vurderast. Nemnda arbeider vidare med dette.

Andre frivillige

Forutan gruppene som omtala over, har ein som nemnt i kapittel 3 grupper som dekkjer funksjonane klokkar (5), forsongarar (8), kyrkjevertar (ansvar for barnesamlingar, og ansvar for kyrkjekaffi og konfirmantane har eit visst tal med gudstenester i året der dei hjelper kyrkjeverten og har oppgåver i samband med skriftlesing.

Stor takk til alle frivillige

Den frivillige innsatsen er svært viktig for det kyrkjelege arbeidet. Som ein ser av denne meldinga, strekker oppgåvene seg vidt og friviljug innsats er naudsynt for å nå målsettingane. I tillegg er dei friviljuge funksjonane med å skape fellesskap og tilknytning til kyrkja og er eit viktig element i omgrepet folkekyrkja. Etter ei grovteljing er det totalt om lag 53 personar med i ulike funksjonar i det friviljuge arbeidet. Stor takk til alle som er med.

6 Kyrkjekontoret – etter samanslåing med Sogndal fellesområde.

I samband med samanslåing av fellesområdet vart det lagt vekt på at Balestrand framleis skulle ha ope kontor nokre dagar i veka. Pr no er kontoret opent 3 dagar i veka, og utgjer dermed eit tilbod for ålmugen og er eit arbeidsfellesskap for tilsette.

7 Statistikk

1. Medlemskap og kyrkjelege handlingar

	2021	2020	2019	2018	2017
Medlemer, innmeldingar og utmeldingar					
Medlemer m tilhøyrige pr.31.12. * tal pr 1.1.2020. Lågare jf. endra soknegrense mot Høyanger. Ikkje lenger eigen kommune - får ikkje medlemstal per sokn	-	799*	921	917	915
Innmeldingar (unnateke dåp)	0	2	2	1	1
Utmeldingar	4	4	1	3	2
Kyrkjelege handlingar					
Dåpshandlingar (av desse pers. busette i soknet)	4 (1)	13 (10)	7 (7)	4 (3)	6 (3)
Forbøn konfirmantar:	6	13	13	12	6
Vigsler (av desse par utan lokal tilknytning - utanbygds)	6 (3)	5 (3)	2 (2)	3 (2)	4 (2)
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet).	13	14	12	5	20


Dåpstalet for 2020 er høgt pga. mange ekstra dåpsgudstenester for personar som ikkje bur i soknet.

2. Gudstenestestatistikk

	2021			2020			2019			2018			2017		
Type gudsteneste	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt	tal	total	snitt
Alle gudstenester (forordna og andre) inkl. skule/institusjon	39	1764	45	54	2153	40	51	3510	69	50	3031	61	53	2732	52
Alle gudstenester på sun- og helgedagar	33	1356	41	39	1597	41	43	3136	73	42	2866	68	45	2184	49
Alle gudstenester tidl Tjugum sokn (inkl. skule, institusjon)	29	1518	52	44	1801	41	39	2951	76	39	2415	62	39	2067	53
Alle gudstenester tidl Kvamsøy sokn	10	246	25	10	352	35	12	559	47	11	616	56	14	665	48
1. Gudstenester med nattverd (Deltakarar=Nattverdgiester)	17	491	29	21	764	36	35	1414	40	34	1076	32	31	1052	34
3. Familie - og barnegudstenester (Ikkje julaften)	4	290	73	4	170	43	4	369	92	4	276	69	4	297	74
4. Gudstenester for ungdom (ikkje konfirmasjonsgudst)	2	189	95	3	166	55	2	243	122	3	185	62	4	283	71
5. Gudstenester for barnehage- og skoleborn	3	107	36	3	120	40	2	137	69	0	0	0	2	108	54
6. Gudstenester julaften	3	91	30	3	142	47	3	386	129	3	330	110	3	305	102

Tala syner nedgang i frammøtte ved alle typar arrangement. Dette er ikkje overraskande og den vesentlege grunnen må kunne tilskrивast Koronapandemien.

Grafisk framstilling: - gudstenestestatistikk



Tala har gått nedover, og det må vere eit mål å auke oppmøtet igjen etter pandemien.

3. Offer innsamlingar og gåver:


Offer, innsamlingar og gåver	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Sum av ALLE gåveinntekter	163 254	209 535	259 076	250 624	227 117	263 255	425 385	300 850
Sum av alle gåveinntekter til andre (offer, fasteaksjon)	89 324	147 354	106 711	99 544	97 110	111 697	114 788	119 366
Sum av alle gåveinntekter til eige arbeid (offer, gjevarteneste, enkeltgåv, Thorbj.leg, minnegåv, bladpengar)	73 930	62 181	152 365	151 080	130 007	151 558	310 597	181 484
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	107 831	89 164	136 388	124 033	103 541	120 501	142 450	127 146
... av dette gitt ved Vipps	104 474	73 826						
... av dette gitt ved Vipps i prosent	97 %	83 %	32 %	19 %				
... av dette til eiga verksemd	32 180	32 181	50 234	44 974	32 201	35 454	55 087	32 550
... til eiga verksemd i prosent	30 %	36 %	37 %	36 %	31 %	29 %	39 %	26 %
...gj.snitt per offer	2 914	2 410	3 410	2 953	2 408	2 678	3 031	2 957
...gj.snitt offer per frammøtt (gj.sn framm søn)	kr 61	kr 51	kr 43	kr 43	kr 49	kr 39	kr 45	kr 41
Tal gudstenester/arrangement med offer	37	37	40	42	43	45	47	43
Samla inn ved fast gjevarteneste (AvtGiro) til eiga verksemd	41 750	30 000	30 000	27 000	26 250	20 200	18 600	15 850
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksjon, krkstov, minnegåv, Thorbj.legat, bladpeng, jub.bok, andre gåv)	13 673	90 371	92 688	99 591	97 326	122 554	264 335	157 854
... av dette til Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp)	13 673	9 496	20 557	20 485	25 770	26 650	26 450	24 770
... av dette til eiga verksemd	0	80 875	72 131	79 106	71 556	95 904	236 910	133 084
... av dette att til kyrkjestova (gåver+TL)			28 577	35 166	35 640	39 600	175 341	67 569

Offertala er noko varierende, men tendensen er at offera dei to siste åra har gått ned i høve til tidlegare (dette er naturleg jf. færre gudstenester). Vidare ser vi at det vesentleg vert gjeve via Vipps og prosent til eige arbeid er relativt høg.

Grafisk framstilling syner samla sett tap dei to siste åra, men betring i 2021 i høve til 2020.

Dette harmonerer med gudstenestleg aktivitet dei to åra som var lågare i 2020 enn 2021.

Grafisk framstilling – offer og gåver



8 Økonomi

Fordeling av eigendeler eigenkapital og gjeld mellom fellesråd og sokneråd.

I samband med overføring av fellesrådsfunksjonen var det gjort avklaring av fordeling av eigendeler og midlar mellom fellesrådet og soknerådet.

Alle kyrkjebygg og kyrkjegardsbygg og postar som har med løn og pensjon og kontoar knytt til gravplassane er overført til Sogndal kyrkjelege fellesråd.

Alle gåvekontoar og gåvefond knytt til kyrkjebygg og kyrkjestove vert ståande i Balestrand sokneråd sin balanse.

Oppretting av eige rekneskap for soknerådet med eigen kasserar.

Så lenge Balestrand hadde eige fellesråd var det kyrkjeverje som hadde rekneskapsansvar for både fellesrådsdelen og soknerådet. Etter overgang til Sogndal fellesråd, har Balestrand på line med dei andre sokneråda sjølvstendig ansvar for økonomi og rekneskap for soknerådsdelen.

Det er brukt noko tid på å velje rekneskapssystem/program. Ein har kome til eit enkelt system med ein bankkonto for alle midlar og rekneskap som syner oppdeling av midlane vil vere både tilfredsstillande og enkelt i bruk. Marta Kvikne, rekneskapsansvarleg for Kvikne hotell har vore god hjelp. Stor takk til henne.

Særskild merknad om gåvefond for Kvamsøy kyrkje:

Etter to testamentariske gåver (kr 123 823 i 1989 og kr 55 527 i 1993) med tillegg av fleire minnegåver og renteinntekter, var fondet pr september på kr 453 498.-

Det har vore noko uklart kva ein skal nytte gåvene til. Gåvene er ikkje gjevne til konkrete formål og riksantikvaren set klare avgrensingar for kva som kan utførast både i og kring kyrkja. Dette har gjort at sokneråda opp gjennom åra har hatt vanskar med å kunne bruke midlane.

Før samanslåing til eitt sokneråd i Balestrand i 2003, gjorde Kvamsøy sokneråd vedtak om at 'gåvemidlane skal berre nyttast til føremål som er knytt til Kvamsøy kyrkje og all bruk av midlar skal handsamast i soknerådet'.

I april 2021 løyvde staten gjennom riksantikvaren midlar til 'klimaskal-sikring' av verdfulle kyrkjer. På bakgrunn av tilstandsrapport gjennomført i 2020 vart det søkt, og ein har motteke statstilskot på inntil kr 600 000. Førsetnad for tildelinga er ei prosentvis 60/40 satsing der fellesrådet delfinansierer resterande 40% , kr 400 000.

Med ein stram økonomi og andre store vedlikehaldsbehov var det usikkert om fellesrådet såg det mogeleg å finansiere dette. For å sikre iverksetjing av klimaskaltiltaket, såg soknerådet behov for å sikre finansiering av fellesrådet sin del ved å vurdere bruk av delar av gåvefondet for Kvamsøy kyrkje. Det vart nedsett ei nemnd som skulle lage forslag til statuttar for fondet og vurdere om deler av fondet kunne nyttast til delfinansiering av klimaskalsikringa. Medlemer i nemnda: Helge Ulvestad, Marit Haram Vannes og Jarle Geithus. Tidlegare kyrkjeverje Jostein Risa var inne som konsulent.

Nemnda tilrådde bruk av kr 225 000 av gåvefondet som delfinansiering. Fondet blei dermed reduserte til kr 228 498. Det vart vidare laga forslag til statuttar for bruk av restmidlane i fondet.

Soknerådet følgde tilrådinga med vedtak i møte den 24.11.21, sak 66/21. Arbeidet med kyrkja vil starte i juni d.å. Arbeidet vil vere viktig for framtidig sikring av kyrkja.

Endringar i samband med offer:

Ved offer er ein gått over til vesentleg å bruke Vipps. Det er noko uklart om ein opprettheld same storleik av offera. Dette vil vise seg klarare over noko tid når gudstenestene er tilbake i normalt gjenge. Soknerådet må vurdere praktiske tilpassingar i sjølve offerhandlinga og vidare vurdere ev. endring i liturgi som følgje av endring frå konkret gåve til overføring av midlar gjennom Vipps.

Godkjenning av rekneskapen:

Sjå eiga sak.

9 Vurderingar og satsingar vidare

Årsmeldinga medfører oppsummering og ettertanke om arbeidet. Desse vert grunnlag for sak om vidare målsetting for soknerådsarbeidet:

Følgjande fungerer godt:

- I mange sokn i Den norske kyrkja er frammøte til vanlege høgmesser lite, spesielt har ein merka dette etter tida med restriksjonar pga. koronapandemien. Til samanlikning har frammøte i kyrkjene i Balestrand vore etter måten bra. At gudstenestene og møta på bedehuset har vore samorganisert, har verka positivt. Det gjer godt for fellesskapet at det er gruppe med faste kyrkjegjengarar som møter fram både når gudstenesta er i Sæle og i Tjugum.
- Kyrkjetenararbeidet av fungerer svært bra, og det er fint å ha ein kyrkjetenar som har ansvar for alle kyrkjene. Kyrkjetenaren er ein pliktoppfyllande og positiv medarbeidar. At blommar til altaret og tilrettelegging av kyrkjekaffi har vore lagt til kyrkjetenaren, har vore ein god rutine.
- Klockartenesta som friviljugteneste har fungert svært godt og synleggjer saman med kyrkjevertane at mange er involvert i gudstenesta. Klockarmidlane er nytta til trusopplæring og klokkekarane går inn som friviljuge medarbeidarar. Klokkekarane har gått kurs er trygge i tenesta.
- Kyrkjelydspedagogen gjer eit godt og fagleg forankra arbeid med trusopplæring, og har sytt for at trusopplæringsarbeidet også er knytt gudstenestelivet.
- At organisttenestene til gudstenestene har vorte ivareteke av to lokale lærarar etter at den faste organisten slutta, har fungert godt. Det er ein styrke å ha musikarar som også til det vanlege er involvert i gudstenestelivet og er aktive i kyrkjelyden. Dette gjer det også lettare å involvere andre.
- Gudstenesta og forkynninga har evangeliet i sentrum og er engasjerande.

Utfordringar – oppgåver for vidare arbeid:

- Barne og ungdomsarbeid generelt– samarbeid med Sygna og Bedehuset.
- Samlingar for friville – god oppstart i 2020, må førast vidare etter pandemien.
- Studieverksemd – gruppearbeid. Behov for auka fokus her?
- Arbeid for flyktningar. Samarbeid med Bedehuset og andre organisasjonar er i emning.
- Ein har ikkje lukkast med transportordning til kyrkja. Må sjå på vidare på dette.

- Samhandling med andre organisasjonar som pensjonistlag, sogelag, bygdekvinnelag, bibliotek om tilstellingar i skjeringspunktet mellom kultur og den kristne trusarven?
- Kyrkjemusikalsk arbeid ?
- Konsertar med kjende artistar og grupper?
- Julekonserten opp å gå som før pandemien.

Særskilde utfordringar

- Kyrkjebesøket er redusert i pandemitida. Korleis komme tilbake til ordinære besøkstal.
- Offer er redusert. Dette understøttar viktig kristen aktivitet både til andre og eige arbeid. Korleis snu tendensen.
- Etter pandemien – gjenoppta andre forkynnande aktivitetar som ‘tid for tru’.
- Utvalsarbeid / frivilligrupper har lege nede og det vil vere ei oppgåve å få dette opp å gå igjen.
- Orgelet i Tjugum kyrkje – behov for større rehabilitering.
- Lydanlegget i Tjugum kyrkje – dårleg effekt ved store samankomer.